



Tilleggskostnader ved kjøp av kommunal bustadtomt

Ved kjøp av bustadtomt følger det enkelte kostnader i tillegg til kjøpesummen på sjølve tomte. Oversikta nedanfor er *kun* skissert som eit eksempel og vil variere ut frå tomteareal og gjeldande gebyrsatsar.

- **Frådeling:** kr 1.947,-
Frådeling av grunneigedom er prosessen med å dele ein grunneigedom frå å utgjere éin formell eining til å utgjere to eller fleire nye formelle einingar. Ein nyoppretta grunneigedom får etter deling eit eige bruksnummer.
- **Oppmåling:** kr 19.500,-
Etter frådeling sørgjer kommunen for oppmåling av tomte før det blir sendt melding til tinglysing.
- **Tinglysing av målebrev og skøyte:** kr 525,- x 2 kr 1.050,-
Tinglysing er ei offentleg registrering av ein avtale mellom to partar om rettigheter og bindingar som angår fast eigedom.
- **Tilknytingsavgift vatn:** kr 13.332,50 (inkl. mva)
Eingongsgebyr ved tilknytning til offentleg vatn.
- **Tilknytingsavgift avløp:** kr 13.567,50 (inkl. mva)
Eingongsgebyr ved tilknytning til offentleg avløpsleidningsnett.

Andre kostnader

- Det skal betalast 2,5 % av kjøpesum i dokumentavgift til Statens Kartverk når ein sender inn skøyte til tinglysing.
- Tilknytning til anlegg for elforsyning/fiber til tomteområde.

Anleggs- og opparbeidingskostnad

Kommunale tomteprisar vert oppgjeve med *eller* utan anleggskostnader inkludert. Kva som gjeld vert presisert i kvart enkelt tilfelle. For prisane på bustadtomter i Hogaåsen bustadfelt er anleggskostnader *inkludert*.

Kostnad for opparbeiding og klargjering av tomt for husbygging kjem i tillegg til anleggskostnadane. Denne kostnaden vil variere ut frå tomteareal, terreng, type hus etc. Ta kontakt med ein entreprenør for prisoverslag.